



# Giske kommune

historisk og framtidsretta



|                       |            |
|-----------------------|------------|
| Datert                | 23.01.2025 |
| Vedtatt               | 10.04.2025 |
| Revidert etter vedtak | 25.04.2025 |

---

## JORDVERNSTRATEGI

## Innhald

|                                                           |    |
|-----------------------------------------------------------|----|
| 1. SAMANDRAG .....                                        | 3  |
| 2. INNLEIING .....                                        | 4  |
| 2.1 Bakgrunn .....                                        | 4  |
| 2.2 Jordbruksareal – Begrepsavklaring.....                | 5  |
| 3. FØRINGAR.....                                          | 6  |
| 3.1 Internasjonalt .....                                  | 6  |
| 3.2 Nasjonalt .....                                       | 7  |
| 3.3 Regionalt.....                                        | 7  |
| 3.4 Lokalt .....                                          | 9  |
| 4.0 SITUASJONSBEKRIVING.....                              | 10 |
| 4.1 Giske som landbrukskommune .....                      | 10 |
| 4.2 Arealavgang til ulike formål.....                     | 15 |
| 4.3 Arealreserve .....                                    | 16 |
| 4.4. Bustadareal.....                                     | 17 |
| 4.5 Areal for omdisponering i gjeldande kommuneplan ..... | 20 |
| 4.6 Konsekvensar av å bygge ned matjord .....             | 21 |
| 5. MÅL FOR VERN AV DYRKA OG DYRKBAR JORD .....            | 25 |
| 5.1 Hovudmål .....                                        | 25 |
| 5.2 Delmål .....                                          | 25 |
| 5.3 Strategiar – slik skal vi nå måla.....                | 26 |
| 6. VERKEMIDLAR .....                                      | 27 |

## 1. SAMANDRAG

Giske kommune har fått midlar frå Landbruksdepartementet til å utarbeide ein eigen jordvernstrategi for å verne om matjorda og sikre ei berekraftig framtid.

Meininga med ein kommunal jordvernstrategi er å verne dyrka og dyrkbar jord mot omdisponering til andre føremål, som utbygging. Dette er viktig for å sikre matproduksjon, bevare kulturlandskapet og oppretthalde biologisk mangfald. Strategien er tenkt å fungere som eit vertøy for kommunen i areal- og samfunnsplanlegginga, og medverke til å auke kunnskapen om jordbruksareala og medvitnet rundt jordvern.

Ein jordvernstrategi kan også hjelpe kommunen med å balansere etterspurnaden for utvikling og bevaring, og sikre at avgjerder om arealbruk blir tatt på eit godt fagleg grunnlag. Dette er særskild viktig i ei tid med auka press på jordbruksareal frå urbanisering og andre utbyggingsprosjekt.

Giske kommune har ein lang tradisjon for jordbruk. Historisk sett har jordbruket i Giske kommune vore prega av små og mellomstore gardsbruk som har drive med både husdyrhald og planteproduksjon. I dag er Giske kommune ei middels stor landbrukskommune med om lag 10 000 dekar jordbruksareal, som utgjer ein stor del av kommunen sitt landareal.

Giske kommune set seg som hovudmål å avgrense nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord vesentleg. Med ei rekkje delmål skal kommunen nå denne målsettinga.

Ved å verne om dyrka og dyrkbar jord sikrar kommunen tilgjengelig land for matproduksjon. Dette er avgjerande for å kunne produsere nok mat til innbyggjarane, no og i framtida. Ved å verne om jordbruksareala kan ein redusere utsleppa av klimagassar som ellers ville blitt frigjort ved nedbygging og urbanisering. Nok tilgjengeleg jordbruksareal til matproduksjon kan redusere avhengigheita av importert mat og med det auke matsikkerheita. Ved å ta vare på jordbrukslandskapet rett kan ein oppretthalde biologisk mangfald.

Å vurdere tilbakeføring av bustadareal til LNF-areal er eit uttalt mål i kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunen skal ved hjelp av føresegnene i kommuneplanen sin arealdel sørge for at jordvernstrategien blir eit effektivt og nyttig verktøy i arealplanlegginga.

Vidare vil kommunen årleg orientere formannskapet (landbruksnemnda) om status i arealrekneskapen.

## 2. INNLEIING

Jordvern er viktigare enn nokon gong. Noreg har i den seinare tid vore utsett for både flaum og jordskred, og med jamne mellomrom ser vi tørke. Klimaendringane, saman med krig og konflikt i Europa, har vist oss at vi treng god beredskap. Tryggleik for matforsyning er heilt grunnleggjande, og vi må ta vare på dei areala som er eigna til å produsere mat.

Totalberedskapskommisjonen har i sin rapport NOU 2023:17 uttrykt det slik:

*Jordvernets betydning for norsk matsikkerhet er forsterket i lys av den endrede geopolitiske situasjonen, bedre kunnskap om konsekvensene av klimaendringene og andre forhold som kan svekke global matproduksjon.*

Jordvern er meir omfattande enn dei fleste er klar over. Jordvern handlar om mikrobiologi og karbonlagring, om flaumdemping og klimatilpassing, om nasjonal matsikkerheit, om naturmangfald, om vårt globale fotavtrykk, om internasjonale marknader og om kriseberedskap. Alt dette må vi ta omsyn til for å sikre ei berekraftig samfunnsutvikling.

Giske kommune er ei middels stor landbrukskommune i Møre og Romsdal. I 2020 var det totalt 27 gardsbruk som søkte produksjonstilskot og desse gardsbruka driv om lag 8700 dekar med jordbruksareal.

Giske kommune er ei populær bukommune som har hatt auke i folketallet kvart einaste år sidan krigen. Ikkje minst har folketalsauken vore stor sidan fastlanssambandet vart opna i 1987. Over fleire tiår har Giske kommune i stort monn, på alle øyane, vedtatt omdisponering av jordbruksareal til bustadareal og bustadbygginga har i periodar vore stor. Antatt arealbehov for bustadar i kommunen fram til 2040 er 152 dekar (445 bustadar). Arealreserven for bustadareal (med antatt effektivt bustadareal (70%)) er i dag på 1336 daa.

I følgje gjeldande samfunnsdel går det fram at kommunen skal vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadareal til LNF-område.

### 2.1 Bakgrunn

Plan for areal, klima og transport (PAKT) vart vedtatt av kommunane Ålesund, Sula og Giske i 2022. Fylkestinget vedtok PAKT som regional plan i 2023.

Kommuneplanen sin arealdel 2018 – 2030, vedtatt av kommunestyret den 14.06.2018

Kommuneplanen sin samfunnsdel 2023 – 2033, vedtatt av kommunestyret den 27.04.2023.

Planprogram for kommuneplanen sin arealdel 2025 – 2037, stadfesta av kommunestyret den 15.02.2024

Planstrategi for Giske kommune 2024–2027 vedtok kommunestyret den 25.09.2024. Det går fram av planstrategien at Giske kommune skal ferdigstille jordvernstrategien i løpet av 2024. Giske kommune har fått utsett frist frå Landbruksdirektoratet til den 1. mars 2025 med å vedta jordvernstrategien i kommunestyret.



## 2.2 Jordbruksareal – Begrepsavklaring

Jorbruksareal inkluderer både dyrka jord og innmarksbeite.

- *Fulldyrka jord*: Jordbruksareal som er dyrka til vanleg pløydjupne og som kan nyttast til åkervekstar eller til eng, og som kan fornyast ved pløying.
- *Overflatedyrka jord*: Jordbruksareal som for det meste er rydda og jamna i overflata slik at maskinell hausting er mogleg.
- *Innmarksbeite*: kan definerast som beiteareal som ligg innanfor innmark, det vil seie jorda som blir dyrka eller på annan måte utnytta av menneske. Dette inkluderer ofte beite for husdyr som beitar på slåttemark eller andre areal som er tilgjengelege for beiting.
- Slåttemark er eit område med gras og urter som blir slått for å hauste fôr til dyra. Dette er ofte tradisjonelle beitemarker som ikkje blir gjødsla med kunstgjødsla, og dei kan ha høgt biologisk mangfald.
- Kystlynghei er ein viktig og karakteristisk naturtype som pregar kystlandskapet i Giske kommune. Denne vegetasjonstypen er typisk for område med næringsfattig, sandhaldig jord og blir sterkt påverka av saltvatn og vind. Kystlynghei består hovudsakleg av lyng, gras og små buskar, og er heim for eit variert dyreliv, inkludert mange truga og sårbare artar.

Kystlynghei spelar ei viktig rolle i bevaring av biologisk mangfald, samt i klimaregulerande prosessar ved å bidra til karbonlagring. I tillegg har denne naturtypen kulturhistorisk verdi, då den har vore nytta som beite for husdyr og til tradisjonell sanking av lyng til brensel og torv.

Forvaltning av kystlynghei er essensiell for å sikre dei økologiske funksjonane og har kulturhistorisk betydning. Det er viktig å ivareta og rehabilitere desse områda i planlegginga av framtidige utviklingstiltak, slik at Giske kommune kan bevare sitt unike kystlandskap og verdiane som følgjer med.

- *Dyrkbar jord*: Areal som ikkje er fulldyrka, men som kan fulldyrkast til lettbrukt eller mindre lettbrukt fulldyrka areal. Dette inkluderer område som skog eller anna jorddekt fastmark som kan omdannast til dyrkbar jord.



Foto: ØyBlikk

### 3. FØRINGAR

#### 3.1 Internasjonalt

Målet med jordvern er å ivareta matsikkerheit og matjorda sine mangfaldige funksjonar for framtida. – FN sine berekraftsmål kan ein ikkje oppnå utan å stanse forringing og tap av areal for matproduksjon.



FN sine berekraftsmål

## 3.2 Nasjonalt

Regjeringa har nyleg presentert Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2023-2027. Her går det tydeleg fram at jordvernet er ei nasjonal interesse. Av omsyn til beredskap og matproduksjon, så er det naudsynt å ta vare på jordressursane over heile landet og sikre at matjorda er i drift. Omdisponering av dyrka jord skal reduserast, og arealplanlegginga skal bidra til å nå det nye jordvernmålet. I Stortinget sitt vedtak er målet at berre 2000 da matjord kan byggjast ned pr. år. Dette er ei innskjerping på 1000 da frå førre nasjonale jordvernmål. Den nasjonale jordvernstrategien er tydeleg på at jordvern må verte høgt prioritert i kommunane sin arealpolitikk for å nå målsettinga.

## 3.3 Regionalt

Møre og Romsdal fylkeskommune har gjennom «Fylkesstrategi for landbruk i Møre og Romsdal 2023-2026» vedteke eit regionalt jordvernmål på 100 dekar i året. Dette er ei halvering av det førre jordvernmålet på 200 dekar. Her går det også fram at ein skal arbeide for arealnøytralitet som prinsipp i arealplanar. Dersom jord eller skog blir bygd ned, så skal det erstattast med nydyrka jord eller skogplanting.

### **Samferdsel**

I kapitel 5.3 Strategiar, er eit av måla for redusert arealbruk, ved bygging av gang- og sykkelvegar, at fysisk skilje og redusert fart alltid skal vurderast som alternativ til eller supplement. Gatestopp skal vurderast i staden for busslommer. Slike vurderingar vil vere avhengig av fleire faktorar som trafikksikkerheit, trafikkmengd og lokale forhold. Statens vegvesen stiller krav til slike endringar. Møre og Romsdal fylkeskommune er høyringspart i dispensasjonssaker som omfattar gang- og sykkelvegar langs fylkesveg. Det er Giske kommune som formelt må søke om nedsett fartsgrense på ei strekning, Møre og Romsdal fylkeskommune vurderer søknaden og Statens vegvesen godkjenner.

### **Automatisk freda kulturminner**

Automatisk freda kulturminner er ein viktig del av kulturarven vår og omfattar ulike typar gamle bygningar, gravrøysar, fornminner og andre kulturhistoriske objekt som er verna mot riving eller endringar. I forhold til kommunal jordvernstrategi spelar desse kulturminna ei sentral rolle, ettersom dei ofte ligg i område som også er aktuelle for landbruk og utbygging. Ein god jordvernstrategi må ta omsyn til desse kulturminna for å sikre at verdifulle kulturhistoriske ressursar ikkje går tapt i samband med arealplanlegging og utvikling. Dette kan innebære å kartlegge kulturminne i tidlege fasar av planlegginga, og å etablere vern rundt desse områda for å unngå skade og øydelegging. I tillegg kan det vere aktuelt å vurdere alternative bruksområde som ikkje trugar kulturminna, slik at både jordvern og kulturminnevern kan bli ivareteke.

Samla sett er det viktig at kommunen arbeider for å integrere omsynet til automatisk freda kulturminner i jordvernstrategien, for å sikre ei balansert og berekraftig utvikling som respekterer både natur- og kulturarv.

### **Vassforvaltning**

Regional plan for vassforvaltning i Møre og Romsdal vassregion 2022-2027 er viktig å integrere i kommunal jordvernstrategi for Giske kommune, av fleire grunnar:

Berekraftig ressursforvaltning: Planen sikrar ei heilskapleg tilnærming til forvaltning av vassressursar og jordbruk, som er viktig for å oppretthalde både jordbruksproduksjon og vasskvalitet.

Beskyttelse av vasskjelder: Jordbruksareal kan påverke vasskvaliteten i nærliggande vassdrag. Ved å inkludere vassforvaltningsplanen, kan kommunen sikre at jordvernstrategien også tek omsyn til beskyttelse av vasskjelder og økosystem.

Klima- og miljøhensyn: Integrering av vassforvaltning i jordvernstrategien kan bidra til å møte klimautfordringar og bevare biologisk mangfald, noko som er essensielt for ei berekraftig utvikling.

Samordning av politikk: Ein felles planlegging mellom jordvern og vassforvaltning kan redusere konflikhtar mellom landbruksutvikling og behovet for å bevare gode vasskvalitetar, og fremje ei meir heilskapleg og koordinert forvaltning.

Styrking av lokal verdiskaping: Ved å beskytte både jordressursar og vasskvalitet, kan kommunen støtte opp om lokal matproduksjon og næringsliv, som er avgjerande for Giske kommune.

Ved å ta omsyn til regional vassforvaltning i jordvernstrategien, kan Giske kommune sikre ei balansert og berekraftig utvikling som gagnar både landbruket og miljøet.

### 3.4 Lokalt

Giske kommunestyre vedtok den 27.04.2023 kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033. For jordvernet er følgjande arealstrategiar aktuelle:

- Prioritere fortetting og transformasjon i og nær senterområde, for å redusere behovet for å ta i bruk nye utbyggingsområde.
- Kommunen skal vurdere å ta i bruk arealformålet landbruks-, natur- og friluftslivsformål til spreidd bustadbygging. Konkrete område for dette må avklarast i arealdelen.
- Hindre omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense for utbygging mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta friluft- og landbruksomsyn.
- Avsette tilstrekkeleg buffersone mellom planlagte bustadområde og næringsområde/LNF-område.
- Sikre grønt-korridorar som samanheng mellom leveområde for sårbare artar, naturtypar og økosystem.
- Innføre arealregnskap i alle arealplansaker. Vurdere statusen til alle reguleringsplanar som i dag gjeld framføre arealdelen.

| FNs berekraftsmål                                                                                                                             | Slik vil vi ha det                                            | Slik gjer vi det                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <b>2 Utrydde svolt</b><br><b>11 Berekraftige byar og lokalsamfunn</b><br><b>12 Ansvarlig forbruk og produksjon</b><br><b>15 Livet på land</b> | Giske kommune er ei framtidsretta og viktig landbrukskommune. | <ul style="list-style-type: none"><li>• Styrke jordvernet og støtte opp om FN's berekraftsmål nr. 2 Utrydde svolt, - om å redusere jordtapet og produsere mat på den jorda vi har.</li><li>• Lokal matproduksjon skal inngå som ein vesentleg del av beredskapsarbeidet.</li><li>• Stimulere til fortsatt drift og for utvikling i landbruksnæringa, og for å gje dei unge som ønsker seg inn i næringa støtte til det.</li><li>• Stimulere til økt matproduksjon i tråd med nasjonalt mål om å auke sjølvforsyningsgraden i Norge til 50%.</li><li>• Ta vår del av ambisjonen av minstemål i Landbruksmeldinga i Møre og Romsdal om å halde omdisponert dyrkaareal under 200 daa i året.</li><li>• Oppretthalde og om mogeleg auke beitinga for å halde kulturlandskapa i hevd.</li><li>• Tilbakeføre og fremje berekraftig bruk av økosystem.</li><li>• Vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadareal til LNF-område.</li><li>• Legge til rette i arealplanlegginga for kolonihagar på inneklemte jordbruksareal.</li><li>• Revidere landbruksplanen frå 2009.</li></ul> |

Utklipp frå kommuneplanen sin samfunnsdel 2023-2033

## 4.0 SITUASJONSBESKRIVING

Jordbruksarealet i Norge utgjør om lag 3,5% av det totale arealet for hele landet. Av dette arealet er berre ein tredjedel eigna til å dyrke menneskemat som korn, poteter og grønnsaker. Resten blir i hovudsak brukt til grasproduksjon for husdyr. Derimot er 45% av det totale landarealet i Norge klassifisert som godt eller svært godt beite.

Antal jordbruksforetak har gått ned med 15% frå 2010 til 2020, medan jordbruksareal i drift har gått ned med 1,3% i same periode. Regjeringa har sett som mål å redusere nedbygginga av jordbruksareal til under 2000 dekar pr. år.




Fig.1.: SSB

### 4.1 Giske som landbrukskommune

Giske kommune er ei middels stor landbruksskommune i Møre og Romsdal. Kommunen har om lag 8700 dekar med jordbruksareal, derav 60-70% er leigd areal. I 2020 var det 27 gardsbruk som søkte produksjonstilskot. Desse gardane hadde mellom anna 328 mjølkekyr, 113 ammekyr, 719 andre storfe, 221 verpehøns, 500 vinterfora sauer og 487 slaktegris. Landbruket i Giske skaper om lag 43 årsverk direkte i lanbruksproduksjonen. Kvart årsverk i landbruket genererer også ein til to arbeidsplassar i tilknytta næringar. Alnes i Giske er utpeikt som eit utvalgt kulturlandskap på grunn av store biologiske og kulturhistoriske verdiar.





Foto: Øyvind Godø

| <b>Verdiskaping per produksjon mill. kroner</b> |              |
|-------------------------------------------------|--------------|
| Melk, ku                                        | 10,81        |
| Melk, geit                                      | 0,0          |
| Ammeku                                          | 2,44         |
| Sau                                             | 1,03         |
| Svin                                            | 2,07         |
| Egg og fjørfe                                   |              |
| Eggproduksjon                                   | 0,04         |
| Fjorfe kjøtt                                    | 0,0          |
| Planteproduksjon                                |              |
| Frukt og bær                                    | 0,0          |
| Kornproduksjon                                  | 0,08         |
| Poteter og grønnsaker                           | 0,0          |
| Annet                                           |              |
| Veksthus                                        | 0,0          |
| Pelsdyr                                         | 0,0          |
| Birøkt                                          | 0,0          |
| <b>Sum</b>                                      | <b>16,49</b> |

Kilde: NIBIO rapport, tall fra 2020




Fig. 2: Arealressursane jord og skogbruk



Foto: Øyvind Godø

## Tegnforklaring



### Jordbruksareal

-  Fulldyrka jord
-  Overflatedyrka jord
-  Innmarksbeite

### dyrkbarjord


-  Dyrkbar jord






Vigra





Godøya



Giske

## 4.2 Arealavgang til ulike formål

Arealavgangen har hovudsakleg blitt omdisponert til bustadareal for å møte behovet for bustadar i kommunen. Noko areal har blitt brukt til næringsformål som etablering av verksemdar og industriområde. Vegbygging og anna infrastrukturutvikling har også ført til omdisponering av dyrkaareal og noko areal har blitt brukt til formål som skular, barnehagar og andre offentlege bygg.




Fig. 3: Kjelde SSB




Foto: Øyvind Godø

## 4.3 Arealreserve

# Jordvernstrategi Giske kommune

### Planreserve

|                                                                                   |                               |            |
|-----------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------|------------|
|  | 01 Bolig eller sentrumsformål | 1320 dekar |
|  | 02 Fritidsbebyggelse          | 13 dekar   |
|  | 03 Tjenesteyting              | 57 dekar   |
|  | 06 Næringsvirksomhet          | 456 dekar  |
|  | 07 Råstoffutvinning           | 20 dekar   |
|  | 08 Kombinerte formål          | 287 dekar  |
|  | 09 Idrettsanlegg              | 128 dekar  |
|  | 11 Samferdselsanlegg          | 146 dekar  |



Planreserve er areal som er sett av til framtidig utbygging, regulert og uregulert, men som enno ikkje er utbygd.



## 4.4. Bustadareal

Den reelle reserven av areal til bustadar vil vere større enn det som kjem fram her, gjennom fortetting, sentrumsformål og kombinerte formål.

| Totalt   | Bebygd   | Arealreserve (råtomt) | Antatt effektivt bustadareal (70%) |
|----------|----------|-----------------------|------------------------------------|
| 5035 daa | 3126 daa | 1909 daa              | 1336 daa                           |

Fig. 4: Bustadareal i kommuneplanen

Samla tal på bustadar i Giske i 2020 er 3.538.

Gjennomsnittleg tal på ferdigstilte bustadar i Giske utgjer 11 % av totalen. Vi kan dermed anta følgjande behov for nye bustadar i Giske:

- Fram til 2030:  $0,11 \times 2174 = 239$  bustadar
- Fram til 2040:  $0,11 \times 4041 = 445$  bustadar.

| Bustadtype                      | Prosentandel | Tal på bustadar | Arealbehov      |
|---------------------------------|--------------|-----------------|-----------------|
| Einestad                        | 20%          | 47              | 36 dekar        |
| Konsentrert småhusbebyggelse    | 40%          | 96              | 32 dekar        |
| Blokkbebyggelse og bufellesskap | 40%          | 96              | 14 dekar        |
| <b>Sum</b>                      | <b>100%</b>  | <b>239</b>      | <b>82 dekar</b> |

Fig. 5: Antatt arealbehov til bustad i Giske kommune fram til 2030

| Bustadtype                      | Prosentandel | Tal på bustadar | Arealbehov       |
|---------------------------------|--------------|-----------------|------------------|
| Einestad                        | 20%          | 89              | 68 dekar         |
| Konsentrert småhusbebyggelse    | 40%          | 178             | 59 dekar         |
| Blokkbebyggelse og bufellesskap | 40%          | 178             | 25 dekar         |
| <b>Sum</b>                      | <b>100%</b>  | <b>445</b>      | <b>152 dekar</b> |

Fig. 6: Antatt arealbehov til bustad i Giske kommune fram til 2040

Til saman gir dette reknestykket eit arealbehov for nye bustadar i Giske kommune på vel 150 dekar fram til 2040. Til fråtrekk kjem fortettingspotensialet i eksisterande byggeområde, og bustadar i areal regulert til sentrumsformål og andre blanda arealformål, som også vil vere til stades. Det faktiske arealbehovet for bustadareal i kommuneplanen vil dermed med stor sannsynlegheit vere mindre enn 150 dekar.

Giske kommune er den kommunen i regionen med størst andel nye einestad og minst andel blokk/bufellesskap i dag. Også i Giske må vi vente at behovet for einestad går ned, og leilegheter går opp, men vi kan anta at utbygginga her samla sett kan få eit meir landleg preg. Om vi endrar fordelinga til 35% einestad, 45% konsentrert småhusbebyggelse og 20% blokkbebyggelse og bufellesskap, blir likevel ikkje det samla arealbehovet for bustadar større enn som følgjer:

| Bustadtype                     | Prosentandel | Tal på bustadar | Arealbehov       |
|--------------------------------|--------------|-----------------|------------------|
| Einestad                       | 35%          | 156             | 120 dekar        |
| Konsentrert småhusbebyggelse   | 45%          | 200             | 67 dekar         |
| Blokkbebyggelse og bufellsskap | 20%          | 89              | 13 dekar         |
| <b>Sum</b>                     | <b>100%</b>  | <b>445</b>      | <b>200 dekar</b> |

Fig. 7: Antatt arealbehov til bustad i Giske kommune fram til 2040 (alternativ fordeling mellom bustadtypar)

Dette er også langt lågare enn arealreserven i kommuneplanen.

Antatt reserve av effektivt bustadareal i kommuneplanen til Giske, som gjeld fram til 2030, er om lag 1336 dekar. Behovet for bustadareal i Giske fram til 2030 er anslått til ca 80 dekar, og fram til 2040 ca 150 dekar. Alternativt ca 190 dekar med ei meir spreidd utbygging.

**Arealreserven for bustadareal i kommuneplanen for Giske kommune er langt større enn behovet, sjølv om ein ser fram til 2040.**

#### Arealbehov til bustad

Analysen er utført på eit grovt nivå, og omfattar usikkerheit med omsyn til folketalsutvikling og forventa tal på personar i kvar husstand. Den gir likevel ein klar peikepinn på arealbehovet til bustadar i regionen i åra framover. Ein vil alltid ha behov for eit visst slingringsmonn i arealplanane, og må pårekne å sette av meir areal til bustad enn det nøyaktige behovet. Samtidig kan vente at ein del av arealbehovet til bustad blir dekt innanfor andre arealformål (hovudsakleg sentrumsformål). Blokkbebyggelse og fortettings-prosjekt i kommunesenter/delsenter blir typisk oppført innanfor andre arealformål enn bustad, og særleg blokkbebyggelse omfattar mange bustadar.

Omfanget av bustadareal sett av i kommuneplanen er langt større enn det reelle behovet. Kommuneplanen sin arealdel er utarbeidd for ein 10-12-års periode. Omfanget av bustadareal bør vurderast på nytt i samband med neste revisjon av kommuneplanen sin arealdel.

Statistikken er henta frå regional plan for areal, klima og transport PAKT (2023).



Fig. 8: Ortofoto viser korleis busetnaden har utvikla seg sentralt på Valderøya i perioden 1968 - 2020

## 4.5 Areal for omdisponering i gjeldande kommuneplan

I regional plan for areal, klima og transport PAKT (2023), er eit av måla ei berekraftig og framtidsretta landbruksnæring der ein skal redusere omdisponering av verdifullt jordbruksareal. Reduksjon i nedbygginga av landbruks- og naturområde er viktig for landbruksnæringa.

Kommunen følgjer opp i kommuneplanen sin samfunnsdel ved å vurdere å omregulere ueigna og usentralt bustadareal til LNF-område. I følge overordna arealstrategi i samfunnsdelen vil kommunen hindre omdisponering av dyrka mark og fastsette langsiktig grense mot utmark og jordbruksområde, for å ivareta friluftsliv og landbruksområde samt avsette tilstrekkeleg buffersone mellom planlagte bustadområde og næringsområde/LNF-område.

Kommunen vil og innføre arealregnskap i alle arealplansaker.

I samband med å vurdere areal for omdisponering til LNF-areal kan følgjande punktliste nyttast:

- **Miljø- og naturverdiar:** Vurdere biologisk mangfald og økologisk verdi. Område med viktige naturtypar eller truga artar bør prioriterast for vern. Storstilt nydyrking kan føre til at mange artar mistar leveområda sine, noko som igjen kan føre til tap av biologisk mangfald. Om lag ein tredjedel av det dyrkbare arealet i Noreg er kartlagt som myr. Ei rekkje plante- og dyreartar har leveområda sine i myra. Mange av desse artane er allereie i dag oppførte som truga på den norske *raudlista*. Dette gjeld spesielt mosar, karplantar og insekt. Fleire fugleartar lever store delar av livet sitt i myra og er heilt avhengige av myr som matfat, spel og hekkeplass. Trekkfuglar nyttar myra som rasteplass i haust- og vårtrekka. I tillegg til dette har myra også mange andre viktige funksjonar. Myra verkar mellom anna flaumdempande og er eit lager for karbon, og spelar dermed ei viktig rolle i framtidig klimatilpassing.

Kystlynghei er ein type naturleg vegetasjon som finst langs kystområda i Noreg og andre delar av Nord-Europa. Den kjenneteiknast av låg, buskaktig lyng, gras og ulike urter, og den utviklar seg ofte på sand- eller leirjord med høg salthaldigheit. Kystlynghei er økologisk viktig, då den gjer habitat for fleire artar og bidrar til biologisk mangfald. Vegetasjonen er òg tilpassa eit klima med sterke vindforhold og lite næringsrik jord.

- **Landbrukspotensial:** Vurdere jordkvaliteten og området sin eignaheit for landbruk. Område med høg jordbruksverdi bør bevarast for matproduksjon. Jordflytting er ein komplisert prosess og ikkje alle jordtypar er like godt eigna til føremålet. Erfaringar har vist at avlingspotensialet og kvaliteten på jordsmonnet ofte vert forringa ved flytting. Dette kombinert med stort transportbehov og store kostnader gjer at jordflytting som kompenserande tiltak berre bør sjåast på som ein siste utveg og aldri bør brukast som eit argument for å omdisponere jordbruksareal.
- **Samfunnsbehov:** Vurdere behovet for rekreasjonsområde og grøne lunger for folket. LNF-område kan bidra til betre folkehelse og livskvalitet.
- **Risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS):** Gjennomføre ei ROS-analyse for å identifisere og vurdere risikoar som flaum, ras og andre naturfarar. Dette er særskild viktig i område med høg risiko.



- **Eksisterande infrastruktur:** Vurdere korleis omdisponeringa vil påverke eksisterande infrastruktur som vegar, vatn- og avløpssystem. Sørge for at infrastrukturen kan støtte den nye bruken av området..
- **Kulturelle og historiske verdiar:** Ta omsyn til eventuelle kulturminne eller historiske landskap som kan vere viktige å bevare.
- **Økonomiske konsekvensar:** Vurdere dei økonomiske konsekvensane av omreguleringa, både for kommunen og for private aktørar. Dette inkluderer kostnader knytt til infrastruktur og potensielle inntekter frå auka aktivitet.
- **Regelverk og planar:** Sørge for at omreguleringa er i samsvar med nasjonale og regionale planar og regelverk, inkludert kommuneplanen sin arealdel. Som til dømes at busetnaden i hovudsak skal skje i og opp mot dei fire sentra i kommunen der det er tenestetilbod og kollektivtilbod.

## 4.6 Konsekvensar av å bygge ned matjord

Å byggje ned matjord i Giske kommune kan ha fleire alvorlege konsekvensar:

**Redusert matproduksjon:** Matjord er ein avgrensa ressurs, og nedbygging av denne jorda reduserer arealet tilgjengeleg for matproduksjon. Dette kan føre til lågare lokal matproduksjon og auka avhengigheit av import. Verdas befolkning veks og dermed også behovet for mat. I 2050 vil vi truleg trenge 60 % meir mat enn i dag.

**Miljøpåverknad:** Nedbygging av matjord kan føre til tap av biologisk mangfald og auka klimagassutslepp. Jord som vert brukt til landbruk bind karbon, og når denne jorda vert bygd ned, vert karbonet frigjort til atmosfæren.

**Tap av kulturarv:** Landbruket i Giske kommune er ein del av den lokale kulturarven. Nedbygging av matjord kan føre til tap av tradisjonelle landskap og landbrukspraksisar som har vore ein del av lokalsamfunnet i generasjonar.

**Økonomiske konsekvensar:** Landbruket bidreg til lokal økonomi gjennom produksjon av mat og sysselsetjing. Redusert landbruksareal kan difor ha negative økonomiske konsekvensar for lokalsamfunnet.




## Arealressursar

I Giske er det 11 690 dekar jordbruksareal, dette utgjør om lag 28,8 prosent av kommunen sitt landareal. Arealressurskartet AR5 gir informasjon om ressursgrunnlaget i Giske. Det viser kva arealer som kan brukast til landbruksproduksjon. Kartet gir detaljert informasjon om arealressursane. Det blir brukt til planlegging, konsekvensutgreiingar, statistikkar og kontroll av arealtilskot i jordbruket.



Informasjonen om arealressursane er henta frå det detaljerte arealressurskartet AR5.

# Jordvernstrategi Giske kommune



Planreserve er jordbruksareal som er sett av til anna formål, regulert og uregulert, men som ikkje er tatt i bruk.



| Arealtype             | Dekar         | %          |
|-----------------------|---------------|------------|
| Jordbruksareal ▲      |               |            |
| Fulldyrka             | 9 310         | 22,9       |
| Overflatedyrka        | 118           | 0,3        |
| Innmarksbeite         | 2 262         | 5,6        |
| Skog ▼                | 2 362         | 5,8        |
| Bebyggelse/samferdsel | 5 736         | 14,1       |
| Annet markslag ▼      | 20 813        | 51,3       |
| Ikke kartlagt         | 0,0           | 0,0        |
| <b>Sum</b>            | <b>40 601</b> | <b>100</b> |

*Kilde: Arealressurskart AR5, årsversjon 2023, NIBIO*

Fig. 9: Arealressursar i Giske kommune

## 5. MÅL FOR VERN AV DYRKA OG DYRKBAR JORD

### 5.1 Hovudmål

**Giske kommune vil avgrense nedbygginga av dyrka og dyrkbar jord vesentleg.**

### 5.2 Delmål

Dyrka og dyrkbar jord skal som hovudregel ikkje omdisponerast verken gjennom kommuneplan, reguleringsplan eller enkeltvedtak (dispensasjon). Årlig omdisponering av dyrka jord skal vere i forhold til fylkesmålet som er 100 da for heile fylket.

- Område vist med LNF-formål i gjeldande kommuneplan, bør i utgangspunktet stå uendra og vidareførast i ny kommuneplan.
- Store, samanhengande område med jordbruksland bør bli verande intakt og ikkje oppstykkast.
- Det samla arealet av utbyggingsområde i kommunen skal ikkje utvidast i ny kommuneplan.
- Ved omdisponering av område med LNF-formål, om dette omfattar dyrka og dyrkbar jord, skal dette balanserast ved å tilbakeføre utbyggingsareal av tilsvarande storleik til LNF-formål.
- Utbyggingsområde som ikkje er realisert igjennom flere kommuneplanrevisjoner, bør vurderast tilbakeført til LNF-formål i ny kommuneplan.
- I komande kommuneplanprosessar skal område som er avsett til byggeområde eller LNF-spreidd busetnad, som ikke er utbygd, vurderast tilbakeført til LNF.
- Ny utbygging skal som hovudregel skje gjennom fortetting, transformasjon og meir effektiv bruk av areal innafor alt etablert senterstruktur.
- Ved realisering av byggeprosjekt og reguleringsplanar som omfattar dyrka jord, skal det stillast krav om matjordplan.
- Omdisponering av dyrka og dyrkbar jord til alle typer arealformål skal kun skje etter at alternative plasseringar på ikkje-dyrkbare areal er vurdert og dokumentert. Dei økonomiske konsekvensane knytt til erverv av tomt skal ikkje vere styrande.

- Bygningar og vegar i landbruket skal som hovudregel ikkje leggst på dyrka eller dyrkbar jord. Alternative plasseringar skal alltid vurderast og dokumenterast.
- Ved frådelingar i LNF-område skal dyrka og dyrkbar jord som hovudregel ikkje delast frå landbrukseigedomen. Ved søknad om frådeling av dyrka eller dyrkbar jord, skal det gjerast greie for alternative løysningar og kvifor desse ikkje er valde.
- Kompetansen om jordvern skal styrkast i kommuneadministrasjon, hos politikarar, næringsliv inkludert landbruket, samt hos innbyggjarane generelt.
- Ved neste revisjon av jordvernstrategien skal ambisjonsnivået styrkast for å nå visjonen.
- Det mest effektive jordvernet er sørge for at eksisterande landbruksjord faktisk blir driven. Grunneigarar si driveplikt må følgast opp i auka grad.

### 5.3 Strategiar – slik skal vi nå måla

- Kommunen skal utarbeide ein rettleiar for utarbeiding av matjordplan og jordflytting.
- Kommunen skal gå gjennom gjeldande arealplaner og ta ut avsette areal som det ikkje lenger er vurdert å vere etterspurnad for.
- Gjeldande reguleringsplanar skal gjennomgåast for å tillate auka utnyttingsgrad, vurdere auka byggehøgde og gi maksimumskrav til parkering.
- Tiltak som forringar jordvernet skal unngåast. Tiltak som splittar opp landbruksjord eller forringar driftsgrunnlaget på det enkelte bruk skal unngåast.
- For å oppnå redusert arealbruk ved bygging av gang- og sykkelveg, skal fysiske skilje og redusert fart alltid vurderast som alternativ eller supplement. Gatestopp skal vurderast i staden for busslommer.
- Det skal vurderast alternative plasseringar og løysningar ved planlegging av alle tiltak på dyrka og dyrkbar jord. I utgreiinga skal omsyn til transport, mobilitet, friluftsliv, kulturminner, vatn og naturmangfald vere vurdert.



- Kommunen skal vere ein pådrivar mot landbruksnæringa for å halde dyrka jord i hevd, sikre aktiv drift av dyrka areal og unngå nedbygging av dyrka og god dyrkbar jord. Kommunen skal følgje opp areal som ulovleg er tatt ut av drift.
- Omsynet til jordvern skal inngå i vurderinga av alle saker som rår arealbruk og skal vurderast strengt i tråd med jordlova. Naudsynte driftsbygningar og kårhus/bustad nr. 2 bør plasserast nær og i tilknytning til tunet, utan bruk av dyrka jord. Kommunen si landbrukseining, - i dag kjøper Giske kommune landbrukstenester frå landbruksavdelinga i Haram kommune, skal involverast i alle planar som rår eller grensar til dyrka jord, dyrkbar jord eller produktiv skog.
- Kommunen skal gjennomføre informasjonstiltak retta mot administrasjon, politikarar, utbyggjarar, landbruksnæringa og innbyggjarar, - om jordvern, jordvernet si grunngeving samt kommunen sin jordvernstrategi.
- Administrasjonen skal rapportere årleg til formannskapet (landbruksnemnda) om status for omdisponering av dyrka og dyrkbar jord, og for status for areal- og naturrekneskap.

## 6. VERKEMIDLAR

Kommunen har fleire verkemiddel for å gjennomføre jordvernstrategien. Her følgjer nokre av dei viktigaste:

- ❖ **Kartlegging av kjerneområder for landbruk**  
Med kjerneområde landbruk meiner ein dei areala i kommunen som er viktige for to av jordbruket sine sentrale samfunnsoppgåver, - matproduksjon og oppretthalding av jordbruket sine kulturlandskap. Her er det viktig å ta med naturlandskap som ofte er viktige for biologisk mangfald, rekreasjon og som kjelder til ressursar, og dei kan òg ha stor betydning for kulturhistorie og estetikk
- ❖ **Omsynssone jordvern jf. pbl. § 11-8 c**  
Denne kan kommunen nytte til dømes i områder med verdfulle jordressursar og stort utbyggingspress.
- ❖ **Temakart, temaplanar og strategiar**  
Kommunen kan utarbeide strategiske planar for ulike tema (temaplanar) til dømes for landbruk. I oppdatert nasjonal jordvernstrategi er kommunal jordvernstrategi framheva som eit verkemiddel for å ivareta jordvernet lokalt.

### **Andre verkemiddel**

I ei undersøking trekkjer kommunene fram bruk av planføresegner, retningsliner til plan, jordflytting, kommunale jordvernmål og praktisering av regelverket.

Landbruksdirektoratet rapport nr. 28/2022.